

**Ein vil bli prest i Uskedalen**

23.04.2013

**Det er berre ein søkjar til stillinga som sokneprest i Uskedal sokn etter Kristian Due. Søkjaren er Carsten Mruzek (42), som er vikarprest i Vågsøy kommune i Sogn og Fjordane.**

**Han er opprinneleg tysk, men har budd i Noreg nokre år og er gift med ei norsk kvinne frå Fitjar. Han har også søkt på ein prestestilling i Skånevik og på 2 i Nordfjordområdet.**

Mruzek var ferdig utdanna luthersk prest i juni ifjor.

Han har mellom anna også jobba i ei frikyrkje i Tromsø.

Av Ola Matti Mathisen